

Næringsministeren

Stortingets president
Stortinget
0026 OSLO

Deres ref

Vår ref
25/399-2

Dato
27. januar 2025

Spørsmål nr. 907 til skriftleg svar om kor mange gründerar som har etablert AS med minst ein tilsett i 2023 og 2024

Eg viser til brev av 20. januar 2025 frå Stortinget sin president med spørsmål nr. 970 til skriftleg svar frå stortingsrepresentant Alfred Jens Bjørlo.

Spørsmål

«Statsministeren, næringsministeren, finansministeren og andre medlemmer av regjeringa har ved gjentatte høve framheva at det for tida er rekordmange bedriftsetableringar i Noreg. Dersom vi ser bort frå enkeltmannsforetak og AS utan tilsette: Kor mange gründerar har etablert AS med minst 1 tilsett i 2023 og 2024, og kva er dei samanliknbare tala for slike etableringar frå 2010 fram til i dag?»

Svar

23. januar 2025 trakk Statistisk sentralbyrå tilbake statistikken dei har publisert om etablerarar i næringslivet, på grunn av feil. Vi har difor ikkje oppdaterte tal for kor mange gründerar som har etablert AS med minst 1 tilsett. SSB skriv at dei vil oppdatere statistikken løpande, så vi veit ikkje når tala vil vere klare.

Det vi har, er oppdaterte tal til og med 2023 for nyetablerte føretak. SSB skriv at tala for 2024 snart er klare. Tala frå SSB syner at det var 7 513 nyetablerte AS og ASA i 2023 med minst ein tilsett i etableringsåret. Utviklinga frå 2010 er vist i tabellen under.

I gründermeldinga presenterer regjeringa og eit breitt utval av statistikk som viser utviklinga i tal på gründerar, oppstartsselskap og oppstartsselskap med vekstambisjonar fram til og med 2022.

År	Tal på nyetablerte AS og ASA med minst ein tilsett i etableringsåret
2010	3224
2011	4073
2012	6115
2013	5108
2014	4869
2015	5482
2016	5088
2017	5208
2018	5689
2019	5126
2020	4989
2021	5332
2022	4648
2023	7513

Kilde: SSB tabell 14009

Med helsing



Cecilie Terese Myrseth